

Leige av ute- og inneanlegg

ved Norges idrettshøgskole 2011 - 2012





LEIGE AV UTE- OG INNEANLEGG VED NORGES IDRETTSHØGSKOLE

Til aktuelle leigetakarar!

Vi inviterer med dette gamle og nye interessantar til å søkje om å leige anlegga våre for sesongen haust 2010 og vår 2011.

Norges idrettshøgskole (NIH) leiger ut eit breitt spekter av idrettsanlegg og -lokale: uteanlegg og banar, idrettshallar og gymnastikksalar, symjehall, skytebanar, auditorium og undervisningsrom. Anlegga blir leigde ut til idrettslag, institusjonar, bedrifter, barnehagar/skolar og enkeltpersonar, og kan nyttast til ulike formål som trening, stemner, kurs, seminar etc.

Det finst to typar leigeforhold:

1. Års-/sesongavtaler (faste leigeforhold for ein lengre periode)
2. Sporadiske leigeforhold (enkelttimar eller leige for ein kortare periode)

Søknadsfrist for års- og sesongavtaler er 30. mai.
Søknadsskjema ligg ved dette heftet (eige innstikk i midten)
eller på www.nih.no/utleie

Vi kan inngå sporadiske leigeavtaler heile året. Bestilling kan sendast pr. e-post til booking@nih.no eller telefaks (22 23 42 20, merkt utleigekontor).

Telefontid (23 26 22 03) måndag – fredag kl. 0900–1100

I denne brosjyren finn du

- retningslinjer for utleigeverksemnda
- beskriving av dei anlegga og lokala som vi leiger ut
- leigeprisar for års-/sesongavtaler
- leigeprisar for sporadiske leigeforhold

Vi viser også til heimesidene våre www.nih.no/utleie for informasjon om anlegg og andre tilbud NIH har til eksterne brukarar.

Vi ønskjer dykk velkommen som brukar av NIHs anlegg og lokale!

Med vennleg helsing

Norges idrettshøgskole

MÅLSETJINGA MED UTLEIGEVERKSEMDA VED NIH

Norges idrettshøgskole (NIH) er ein vitenskapleg høgskole med eit tilhøyrande idrettsanlegg. Utleigeverksemda ved NIH har som målsetjing i størst mogeleg grad å stille anlegget til disposisjon for "idretten" og andre eksterne brukarar. Det er ein føresetnad at utleigeverksemda ikkje verkar negativt inn på kjerneverksemda ved NIH – som er undervisning og forskning.

Dette inneber:

- vi prioriterer idrettslag og -organisasjonar framfor andre eksterne brukarar, men alle er velkomne til å søkje om leigetid og vil få tildelt tid dersom det er ledig kapasitet. Ved handsaming av søknader innkomne før 30.mai, vert det i tillegg bl.a. vurdert leigeperiodens lengde. Dei søkjarane som søkjer for lengre leigeperiodar innanfor sesongen (august–juni), kan verte prioriterte foran andre søkjarar.
- vi leiger ut anlegget også på dagtid (i studietida) så lenge utleiga ikkje er til hinder for NIHs eigen bruk. Har høgskolen behov for anlegget til undervisning eller forskning, vil leigetakar måtte vike.
- vi har som målsetjing å halde eit prisnivå som gjer det mogeleg å dekkje dei meirkostnadene utleigeverksemda påfører NIH, samtidig som prisen skal vere akseptabel for dei prioriterte leigetakarane våre (idretten).

Hjertestartar i:

- resepsjonen
- svømmehall

Førstehjelpsutstyr:

Leigetakar plikter å ha med førstehjelpsutstyr, inkludert isposer



REGLEMENT FOR BRUK OG UMLEIGE AV ANLEGG OG LOKALE VED NORGES IDRETTSHØGSKOLE

Leigetakar pliktar å gjere seg kjend med og å følgje innhaldet i "REGLEMENT FOR BRUK OG UMLEIGE AV ANLEGG OG LOKALE VED NORGES IDRETTSHØGSKOLE"

Reglementet finst i fulltekst på www.nih.no eller www.nih.no/utleie. Reglementet kan også bestillast hos utleiekontoret.

Vi ber dykk vere ekstra merksame på følgjande:

Avbestillingar

Siste frist for avbestilling av heile eller delar av avtalen er 30 dagar før første leigedato. Ved bestilling mindre enn 30 dagar før leigeforholdet startar, er det ikkje rom for å avbestille etter at leigeavtale er inngått (viss ikkje anna er avtalt). Ubrukt eller ikkje avbestilt leigetid innan tidsfrist, blir fakturert på ordinær måte. Ved tildeling av sesongleige (fast leige), er kanselleringsfristen 30 dagar frå mottatt tilbod.

NIHs rett til å endre leigetidspunkt på dagtid

NIHs undervisning og forskning har prioritet til bruk av anlegget og lokala i tidsrommet måndag–fredag 0800–1700, og NIH kan derfor endre enkelte leigetidspunkt i dette tidsrommet etter at leigeavtale er inngått. Dersom alternativ tid ikkje tilfredsstillar leigetakaren, blir leiga refundert for den del av leigeavtalen som blir påverka. Det same gjeld dersom anlegget av andre grunnar ikkje er tilgjengeleg. Dette gjeld ikkje ved forhold som leigetakaren er årsak til.

Stenging av anlegget

NIH tek unna retten til å stengje anlegg for kortare eller lengre periodar når forhold ved drifta tilseier det. Anlegget er normalt stengt på heilagdagar i tida l. –31. juli og i påska, pinsa og romjula.

Refusjon av leige

Leige blir ikkje refundert ved avbestilling etter at avbestillingsfristen har gått ut, ved forringa treningsforhold som skuldast vêrforhold, eller av andre årsaker som NIH ikkje er skyld i.

Ansvar for utstyr og verdisaker

Vi understrekar at leigetakaren sjølv må ta ansvar for utstyr, personlege effektar og verdisaker som han har med til NIH. NIH fråskriv seg alt ansvar for ting/gjenstandar som blir attgløymde, stolne eller på annan måte blir borte. Økonomisk ansvar ved ulykker eller skadar på personar Brukaren er ansvarleg for at aktivitetane skjer på ein trygg og sikker måte, og for oppsyn med desse aktivitetane. NIH vil derfor ikkje kunne haldast ansvarleg for skadar eller ulykker som skjer på bakgrunn av feil ved utføring, manglande opplæring, kontroll og/eller oppsyn med aktivitetane.

NIH er ikkje økonomisk ansvarleg for ulykker eller skadar på personar med mindre skadeårsaka utvilsamt har si årsak i feil eller manglar på lokale, anlegg eller utstyr.

Leige

Tilrigging og rydding inngår i leigetida. I symjehallen skal det setjast av 15 minutt mellom kvar brukargruppe, dvs. at ein times leigetid, gir 45 minutt i bassenget.

Respektering av leigetid

Bruk av anlegg og lokale utover avtalt tid medfører etterfakturering av leige.

Rydding

Vi føreset at alle brukarar forlet aktivitetsrom, banar, teorirom og garderobar i rydda stand, og at utstyr er sett på plass. Det er i første rekkje trenaren og leiaren som må syte for at dette blir gjort.

Straffeavgift for manglande rydding eller brot på andre delar av reglementet (bruk av klister, piggar og liknande) vert tilleggsbelasta med ein time av leigd objekt.

Skadar på utstyr

Skadar på anlegget og materiellet på høgskolen vil medføre erstatningsansvar for dei respektive brukarane.

Garderobe

Leigetakar får berre nytte den garderoben som hører til den delen av anlegget som dei betaler leige for. Leigetakar må vere ute av garderoben seinast 30 minutt etter at leigetida har gått ut.

Siste leigetakar

Leigetakar må vere ute av garderobane/anlegget kl. 22.20 kvardagar og 18.20 laurdag/søndag (19.20 ute-banar).

Serveringsrettar

Det er ikkje tillate å nyte alkohol på NIHs område med mindre det er gitt særskilt løyve til dette. Studentsamskipnaden (SIO) har serveringsrettane på NIH. Det må derfor avtalast direkte med kantinstyraren dersom det er ønskjeleg med servering/sal i forbindelse med eit arrangement (telefon 23262120).

Røykjesforbod

Røyking er ikkje tillate innandørs, ved hovudinggangen eller på utandørs idrettsanlegg ved NIH.

Parkering

Vi minner om at ein må betale avgift for å nytte parkeringsplassane ved NIH. Gratis P-plassar ved Sognsvann

Salting kunstgrasbane (vinter)

Som eit supplement til kunstgrasbanens oppvarming, vil det i periodar av vintersesongen bli utført salting av banen for å smelte snø og is som legg seg. Bruk av salt kan medføre økt slitasje/forringelse av sko, klær o.l. Vi rår til at sko og klær vert skyld i vatn etter bruk.

Opningstider:

Måndag-Fredag kl. 0800-2200

Laurdag/Søndag kl. 0900-1800



PRISLISTE FOR LEIGE AV NIHs LOKALE OG ANLEGG

2-prissystem:

Langtidsleige kr/time. Denne prisen blir brukt berre på tildelt tid gjennom den årlege søknadsrunden 30. mai.

Sporadisk leige kr/time. Denne prisen blir brukt ved all booking som skjer utanom søknadsrunden 30. mai.

Ved utleige til kommersielle formål gjeld annan prissetting.

INNEANLEGGA

IDRETTSHALLEN

	Langtids- leige kr/time	Sporadisk leige kr/time
Heile hallen, 3500 m² Hallen er oppmerka for fotball og 60-m og kan delast i 3 hallar m/vegger.	1840,-	2070,-
Hall 1 Handball (1), basketball (1), volleyball (2) eller langbane, badminton (4), tennis (1).	670,-	740,-
Hall 2 Handball (1), basketball (1), volleyball (3), badminton (4), tennis (1).	670,-	740,-
Hall 3 Handball (1), basketball (1), volleyball (3), hoppegroper til lengde og tresteg, 2 kasser for stavsprang, kastsegl, klatrevegg (berre intern bruk).	670,-	740,-

GYMNASTIKKSALAR

	Langtids- leige kr/time	Sporadisk leige kr/time
Sal 1B – utan trampoline Turnsal for frittstående med reuthergolv.	380,-	410,-
Tillegg for trampoline Må bestillast (krev godkjend trampolineinstruktør).	50,-	50,-
	Langtids- leige kr/time	Sporadisk leige kr/time
Sal 2B (15x20 m) Basketball, badminton, volleyball.	280,-	310,-
Sal 3 (30x20 m) Basketball (2), badminton (4), volleyball (2), handball, innebandy utan vant.	470,-	510,-
Sal 4 (140 m ²) Spegelsal, kan brukast til dans, aerobic, kampsportar.	250,-	280,-

SYMJEHALLEN

	Langtids- leige kr/time	Sporadisk leige kr/time
Symjebasseng 25 m langt, 6 banar, 2 einmeter og 1 tremeter sviktbrett, 1 tremeter og 1 femmeter fastbrett.		
Heile bassenget	950,-	1060,-
1/2 basseng, bane 1- 3 (sviktbrett 1 m, 3 m, fast brett 3 m)	540,-	600,-
1/2 basseng, bane 4- 6 (sviktbrett 1 m, fast brett 5 m)	540,-	560,-
Plaskebasseng - ordinær vatntemp. (ca. 30°) Vertd tilbydt tirs-, tors-, fre-, og laurdag 12,5 m langt, 8 m breitt, djupn 0,65 - 0,80 m. Til bruk for symjeopplæring.	340,-	390,-
Plaskebasseng - ekstra oppvarma (32° - 34°) Vert tilbudt: mandag og onsdag Til bruk for symjeopplæring og babysymjing.	600,-	650,-
Må bestillast. Sjå søknadsskjema (gjeld langtidsleige)		
Helgetillegg Timetillegg for leige av basseng	470,-	470,-

Symjehallen er normalt stengt søndagar, men kan leiges etter individuell behandling.

Minimum leigetid av basseng søndagar: 3 timar.

* 1 leigetime = 45 min. bassengtid.

* Bleier SKAL leggjast i eigen søplebøtte merka for dette.
Dei skal ikke leggjast i vanlege søpledunkar i garderobene.
Leigetakar må sørge for at det vert etterlevd.



Leigetakar må sjølv stille med eiga
badevakt med godkjend livrednings-
kompetanse. Sjå retningslinjer på
www.nih.no/utleie



Nødnummer:

Brann	110
Politi	112
Sykebil	113



SKYTEBANAR

Kombihallen

Kombihallen er primært ein miniatyrskyttebane for rifle, 50 m, men kan også brukast til aktivitetar som judo, karate, boksing, bryting, fekting, bordtennis. Kombihallen blir leigd ut med 9 eller 18 skiver. Trådløst internettilgang. Brukarnamn og passord får du i servicetorget.

	Langtids- leige kr/time	Sporadisk leige kr/time
Heile kombihallen (skive 2–20) 18 standplassar.	560,-	640,-
Halvpart av kombihallen (skive 2–10) 9 standplassar.	320,-	350,-
Halvpart av kombihallen (skive 12–20) 9 standplassar.	320,-	350,-
Pistolbane (25 m) 20 standplassar med mekanisk vendemålsanlegg.	270,-	310,-

FORELESINGSSALAR, TEORIROM

Leige
kr/time

Auditorium A (300 plassar)

1450,-

Auditoriet har følgjande AV-tekniske hjelpemiddel (mykje av dette blir styrt via panel på talarstol): fastmontert projektor, OH, flipover, WB-tavler (fast og trillbar), fastmontert PC i kateterskap.

Mikrofonar: fast mikrofon på talarstol, 4 faste mikrofonar på kateter, 3 trådlause "myggar", 1 trådlaus handmikrofon. (Ta kontakt med vakta for å hente ut trådlause mikrofonar.)

I talarstol finn du: CD/DVD-spelar. (Nøkkel kvitterer ein ut i resepsjonen, passord på front av PC).

Den tekniske standarden på auditoriet krev at leigetakar stiller med ein person som har det fulle og heile ansvaret for drift av anlegget i leigetida. Opplæring kan avtalast med og blir gitt av AV-teknikar/vakt i god tid før bruk. Ved meir omfattande bruk av mykje teknisk utstyr (bl.a. lydopptak) må ein leige AV-teknikar frå NIH. Ta kontakt med utleigekontoret for spørsmål og behov.

Auditorium B og C (60 plassar)

520,-

Auditoria har fastmontert projektor i tak, DVD (i safe), overhead og flipover. (Nøkkel til DVD-skap kvitterer ein ut i resepsjonen)

Auditorium D (120 plassar)

580,-

Fastmontert projektor i tak, overhead og flipover. I skap: PC, DVD, forsterkar, trådlaus mikrofon, fast mikrofon på talarstol. Internettilkopling.

Leige
kr/time

Leige av AV- teknikar
kvardagar 0800-1600

350,-

Leige av AV- teknikar
kvardagar 1600-2200

550,-

Leige av AV- teknikar
laurdag/søndag 0800-1800

700,-

TEORIROM

Rottungen, rom 104 (24 plassar)

350,-

Projektor i tak, DVD (i safe), overhead, OH, WB, og flipover. (Nøkkel til DVD-skap kvitterer ein ut i resepsjonen).

Bjørnsjøen, rom 107 (50 plassar)

420,-

Projektor i tak, DVD (i safe), overhead, WB og flipover. (Nøkkel til DVD-skap kvitterer ein ut i resepsjonen).

Hakloa, rom 106 (60 plassar)

420,-

Projektor i tak, DVD (i safe), overhead, WB og flipover. (Nøkkel til DVD-skap kvitterer ein ut i resepsjonen)

Grupperom (6-12 plassar)

220,-

Setertjern, Båntjern, Finntjern, Lorttjern
Grupperomma har WB og flipover.
Projektor, overhead og videotralle kan leigast etter avtale.

Bruksrettleiing for projektor er oppslått i auditoria og teoriromma.

Brukarrettleiing finn du også på www.nih.no/utleie

NB! Trådlaut internettilgang i alle teorirom, auditorium og grupperom (med unntak av Motjern).
Brukarnamn og passord får du i servicetorget.

GARDEROBE

Ved leige av hallar, salar og banar er garderobe som høyrer til leigeobjektet, inkludert i prisen. Dersom ein ønskjer berre å leige garderobe, er det opna for det når det gjeld garderobane tilknytt bandybane/kunstgraset.

	Langtids- leige kr/time	Sporadisk leige kr/time
Garderobe N1, N2, N3, N4		210,-

UTEANLEGG

Kunstgrasbane, fotball

Dagens dekke blei lagt sommaren 2003 med undervarme for heilårsbruk.

Salting av bane, sjå side 5 i brosjyre.

2 stk. 11-ar mål, 4 stk. 7-ar mål.

**Fotballkamp (meir enn 40 min omgang)
krev minimum 2 timars leige.**

Vintersesong / oktober – april

Kunstgras 1/1 bane	1470,-	1640,-
Kunstgras 1/2 bane	890,-	990,-

Ved store snømengder må ein rekne med forseinkingar og avkorta speletid. Det blir ikkje gitt refusjon på leige av kunstgras pga. verforhold.

Sommarsesong / mai – september

Kunstgras 1/1 bane	740,-	820,-
Kunstgras 1/2 bane	450,-	500,-

Friidrettsbane

Kunststoffdekke, Sportan. 6 løpebanar 400 m, lengdehopp (2), høgdehoppanlegg. Tilgjengeleg berre etter spesiell avtale. Reservasjon må skje minimum 3 veker før utleige.	410,-	510,-
---	-------	-------

Langtids-
leige
kr/time

Sporadisk
leige
kr/time

Kastbane

m/diskos og sleggebur, tilløp for spydkast, kulering.

Tilgjengeleg berre etter spesiell avtale. Reservasjon må skje minimum 3 veker før utleige.

175,-

195,-

Bandybane

Kunstisbane som normalt er islagd i perioden

1. november–15. mars (ca.).

Ispreparering må avtalast særskilt (ikkje inkl. i leigepris)

650,-

750,-

Sekretariat ved bandybanen

Speakeranlegg, kassett/CD-spelar.

Ved leige blir det kravd gjennomgang med NIHs

AV-teknikar/vakt i god tid før bruk.

500,-/time 2000,-/dag

I sommarhalvåret er bandybanen ein grusbane.

Grusbanen blir ikkje leigd ut/kan ikkje nyttast pga. fare for skadar på fryseanlegget under grusen.

Langtids-
leige
kr/time

Sporadisk
leige
kr/time

Asfaltbanen/Rollerbane

Banen blir ikkje kosta av NIH.
Det må gjerast av leigetakaren.

240,-

270,-

Grasslette – uteområde

500,-/time 2000,-/dag

Start-/målområde

500,-/time 2000,-/dag

DIVERSE TENESTER/EKSTRA KOSTNADER

Høgtalarøyule med fast og trådløst mikrofon	220,-/time	880,-/dag
Musikkanlegg	220,-/time	880,-/dag
Boomblaster	100,-/time	550,-/dag
Projektor	200,-/time	750,-/dag.
Overhead	100,-/time	400,-/dag
Tralle m/TV, VHS, DVD	110,-/time	440,-/dag.
Diasframvisar (stav og karusell)	100,-/time	300,-/dag
Bord/stolar på tralle, ca. 10 stk.	200,-/time	800,-/dag
Innandørsscene	2500,-/dag	u/rigging
Innandørsscene	5300,-/dag	m/rigging
1/2 Container	ved forespurnad	
1/1 Container	ved forespurnad	
Ekstra reinhald	600,- /time/reinhaldar	
Overtid vaktstyrke	600,- /time/vakt	
Kopiering	1,-/ark – 2,-/farge	

Ved manglande rydding vert det fakturert 1 time ekstra for leigd objekt.

NIH TRENINGSSENTER

Norges idrettshøgskole (NIH) har eit flott treningscenter på ca 900 m² som består av treningsstudio, gruppetreningshall og sykkelsal. I treningsstudio har vi ei avdeling med styrke- og uthaldsapparat og ei stor frivektsavdeling.

I gruppetreningshallen har vi utstyr for å trene styrke, yoga, coretrening på ball og bosuball, step og aerobic.

I sykkelsalen har vi 30 sykklar.

Trening på NIH Treningscenter er primært for NIH-tilsette og studentar, men det er mogleg å kjøpe brukskort/ treningskort for interesserte.

Trådløst internettilgang i treningscenter. Brukarnamn og passord får du i servicetorget.

Korleis bli medlem?

Ta kontakt med oss på treningssenter@nih.no
Sjå også www.nih.no/utleie

NIH Treningscenter blir leigd ut berre etter spesiell avtale ved større arrangement

Gruppetreningshall 490,-/time

Spegelsal for aerobic og liknande.
Blir leigd ut berre etter spesiell avtale.

Sykkelsal 2000,-/time

Moderne sykkelsal med musikkanlegg,
Blir leigd ut berre etter spesiell avtale.

Treningsstudio (styrkerom) 2000,-/time

Blir leigd ut berre etter spesiell avtale

Vi minner om at ein må betale avgift for å nytte parkeringsplassane ved Norges idrettshøgskole.
Gratis P-plassar ved Sognsvann.



Norges idrettshøgskole | Sognsveien 220 | 0863 Oslo
Telefon: +47 23 26 20 00 | Fax: 22 23 42 20 | www.nih.no